



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2106 - 18/26270

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
28.08.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon for søknad om etabøring av VA-anlegg - gbnr 208/3 Heggernes m fl

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 208/3 Høylandsvegen 301  
Tiltakshavar: Eikanger Vassverk  
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.07.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Oversikt over grunneigarar, naboar og deltakarar i dette prosjektet

Vi saknar tilsvarende liste som de sende inn med søknaden frå 2015. Er det laga avtalar med grunneigarar om plassering av anlegg? Omfattar søknaden også stikkleidningar til kvar enkelt abonnent .

### Dispensasjonssøknaden

er sendt på høyring . Vi kan ikkje sjå av søknaden kva for eit vassdrag som ligg mindre enn 100 m frå anlegget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.09.2018 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eikanger Vassverk	Nedre Eikanger 62	5913	EIKANGERVÅG
Ivar Eidsheim			
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------